



# Festar som høyrer jula til



Julebukkar i 1921.

Foto: Haakon Garaasen / Anno Trysil Engerdal museum

## Gå julebukk

Å gå julebukk høyrer med til dei gamle juletradisjonane våre. Ifølgje norsk overtru var julebukken ein av dei fryktelege deltakarane i Oskoreia, som for gjennom lufta i tida før jul og spreidde skrekk kvar ho viste seg.

Romjula, frå andre juledag, er tida for å gå julebukk. Då er den mest høgtidelege delen av jula over. I gamle dagar var det skikk å kle seg ut så ein mest mogleg likna ein geitebukk. I dag er det vanleg at borna kler seg ut med det ein har i klesskapet, tek med ei korg og går ein runde i nabolaget. Julebukkane syng gjerne ein julesong når dei kjem på døra. Sjølv om mykje er forandra, er skikken med å gi julebukkane litt julegodter, ikkje forandra.

## Juletefest

Juletefest er ein offentleg fest som vert halden i romjula eller på nyåret, opp mot trettandedagen. Juletefestar vert ofte arrangerte som ein dugnad eller av ein komité. Det blir servert julekaker, saft/brus og kaffi. Det er ofte leikar og konkurransar, juletegang med synging av julesongar, og besøk av nissen som deler ut godteposar til borna. Det kan vere andakt og skodespel.